

BOKN KONTROLLUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: Onsdag 5. september 2018
Tid: kl. 17.00
Sted: Møterom 1. etasje, Boknatun

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50 eller
tlf 95 98 69 79 /sms/ e-post: post@kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gje melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vil bli innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg - jf. off.l.*, blir berre sendt internt. Sakskart vil lagt ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Rådmannen er invitert/innkalla til sak 15/18.

Saksliste:

12/18 Godkjenning av protokoll frå møtet 22.05.18

13/18 Revisor sin eigenerklæring for 2018

14/18 Budsjett for 2019 – kontroll og tilsyn – utvalet si innstilling

15/18 Val av nytt prosjekt for 2019

16/18 Referat – og orienteringssaker 05.09.18

Eventuelt

Bokn/Aksdal, 28.08.18

Lars Øyvind Alvestad (sign.)
utvalsleiar


Toril Hallsjø (sign.)
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert/kalla inn i sak 15/18)
Varamedlemmer (til orientering)
Presse/publikum

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	05.09.18	12/18
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 22.05.18

Vedlegg: Protokoll frå møtet 22.05.18

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 22.05.18 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen slik han ligg føre.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møtet i kontrollutvalet 22.05.18 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 29.08.18



Toril Hallsjø
Utvalssekretær

BOKN KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag **22. mai 2018** blei det halde møte i Bokn kontrollutval under leiing av leiar Lars Øyvind Alvestad.

MØTESTAD:	Boknatun, møterom 1. etasje
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 17.00 – kl. 18.45
MØTANDE MEDLEMMER:	Lars Øyvind Alvestad (Ap) og May Jorunn Vatnaland (Sp)
IKKJE MØTT:	Jørn Hansen (Uavh.)
MØTANDE VARAMEDLEM:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor/partnar Else Holst-Larsen, Deloitte AS
ANDRE SOM MØTTE	Ordfører Tormod Våga (Sp)
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Rådmann Jan Erik Nygaard, kommunalsjef forvaltning Solrunn Alvestad t.o.m. sak 9/18 og IT-sjef Stein Magnar Askeland-Gjerde i sak 7/18
MERKNADER TIL INNKALLING:	Saksdokumenter var ikkje lagt ut på kommunen si nettside eller lagt ut på Dropbox.
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 6/18 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 28.02.18

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møtet i kontrollutvalet 28.02.18 blir godkjent slik den ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 22.05.18:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.05.18:

Protokoll frå møtet i kontrollutvalet 28.02.18 blir godkjent slik han ligg føre.

**SAK 7/18 PERSONVERNLOVA OG KONSEKVENSA FOR KOMMUNEN MED
NY GDPR-FORORDNING**

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval tar rådmannen si tilbakemelding og utgreiing om kommunen sitt arbeid knytt til personvernlova til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 22.05.18:

Rådmannen innleia om stoda pr. i dag. IT-sjefen kommenterte nærare dei svara som følgde saka. Arbeidet er en kontinuerleg prosess. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.05.18:

Bokn kontrollutval tar rådmannen si tilbakemelding og utgreiing om kommunen sitt arbeid knytt til personvernlova til orientering.

**SAK 8/18 PROSJEKTPLAN – FORVALTNINGSREVISJON – «SJUKEFRÅVÆR
I SKULE OG BARNEHAGE»**

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Sjukefråver innan skule og barnehage i Bokn kommune» i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre frå Deloitte AS med den/desse endring/ane:
Ramma vert sett til 76 timar.

Handsaming i kontrollutvalet 22.05.18:

Utvalet spurde rådmannen om hans syn til utkastet. Rådmannen meinte problemstillingane så greie ut. Utvalet hadde elles ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.05.18:

Bokn kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Sjukefråver innan skule og barnehage i Bokn kommune» i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre frå Deloitte AS.

Ramma vert sett til 76 timar.

**SAK 9/18 ÅRSREKNESKAPEN 2017 FOR BOKN KOMMUNE -
KONTROLLUTVALET SIN UTTALE**

Sekretariatet si innstilling:

1. Bokn kontrollutval vedtek uttale til kommunerekneskapen for 2017 slik den ligg føre / med desse endringane:
2. Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til utvalet innan 1. september på korleis merknadane i revisjonsrapporten er følgt opp.

Handsaming i kontrollutvalet 22.05.18:

Årets overskot skyldast at kommunen har fått meir i overføringar og eigedomsskatt enn forventa. Det har generelt vore gode resultat for dei fleste kommunane på Haugalandet og på landsbasis. Endelege tal for netto driftsresultat visar 5 %, som er bra, men framtida er usikker.

Revisor opplyste at endeleg utgåve av rekneskap og årsmelding var oversendt lenge etter lovbestemt frist 15. februar, og hennar frist 15. april var difor blitt overskridt. Dette var kommentert i revisjonsrapport, saman med andre forhold, slik som manglar i anleggsregisteret, investeringsrekneskapen stemmer dårleg med budsjettet, manglande budsjettreguleringar og oppdatering av finansreglement frå 2010.

Administrasjonen slutta seg i møtet til revisor si tilråding til å følgje reglane for avslutning av årsrekneskap når det gjaldt avsetning/bruk av disposisjonsfond. Storleiken på rekneskapsmessig mindreforbruk/overskot i 2017 vil då vere kr 2,8 mill. kr, mot tidlegare kr 5,4 mill.

Revisor følte seg då meir komfortabel og rein revisjonsmelding blei skriven ut i møtet. I brev til leiinga/rapporten er det, som nemnt, fleire kommentarar. Desse er tatt opp tidlegare år, utan at noko av dei er blitt retta opp. Administrasjonen viste til kapasitetsproblem.

Utvalet var samd i å utvide frist for rådmannen til 1. november for tilbakemelding på kommentarane. Vidare var dei samd i at sein avlevering og inga oppretting dei siste åra skulle omtalast i uttalen til kommunestyret. Sekretær kom med utkast til tillegg. Utvalet slutta seg til uttalen med tillegg.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.05.18 og innstilling til kommunestyret:

1. *Bokn kontrollutval vedtek uttale til kommunerekneskapen for 2017 slik den ligg føre og med desse endringane/tillegg:*

«Den økonomiske situasjonen for kommunen må likevel vurderast nøye framover da kommunen sin økonomi er sårbar når gjeld rammetilskot, eigedomsskatt og innbyggjartal.

Kontrollutvalet har merka seg at revisjonen har kommentert at endeleg rekneskap og årsmelding er oversendt 15.05.18 og såleis avlagt altfor seint etter fristar i lov og forskrifter og forsvarleg sakshandsaming.

Kontrollutvalet vil oppfordre at kommunestyret ber administrasjonen følgje opp og setje inn ressursar knytte til dei forhold som er omtalt i revisor sin revisjonsrapport/brev nr 6».

2. *Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei tilbakemelding til utvalet innan 1. november på korleis merknadane i revisjonsrapporten er følgt opp.*

SAK 10/18 SELSKAPSKONTROLL – RAPPORT – KARMSUND HAMN IKS

Sekretariatet si innstilling:

1. Bokn kommunestyre tar KPMG sin revisjonsrapport «Selskapskontroll – Karmsund Havn IKS» til orientering.

2. Rapporten vert oversendt selskapet v/styret og rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar. For Bokn kommune gjeld dette spesielt manglande eigarskapsmelding.
3. Det vert gjeve tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om korleis kommunestyrevedtaket er følgt opp innan 12 månader etter kommunestyra sine vedtak.

Handsaming i kontrollutvalet 22.05.18:

Sekretær gjekk gjennom bakgrunn for saka og hovudtrekka i rapporten. Frå KPMG er peika på at kommunen ikkje har utarbeida ein eigarskapsmelding. Rådmannen viste til at det var brukt mykje tid når det gjaldt eigarstrategi overfor selskapa. Han meinte det ikkje ville vere så mykje arbeid å få lagd ei melding. Utvalet slutta seg til framlegg til vedtak.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.05.18 og innstilling til kommunestyret:

1. *Bokn kommunestyre tar KPMG sin revisjonsrapport «Selskapskontroll – Karmsund Havn IKS» til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt selskapet v/styret og rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar. For Bokn kommune gjeld dette spesielt manglande eigarskapsmelding.*
3. *Det vert gjeve tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om korleis kommunestyrevedtaket er følgt opp innan 12 månader etter kommunestyra sine vedtak.*

SAK 11/18 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 22.05.18

11. Statusrapport pr. mai 2018
12. Representantskapsmøtet 18.04.18 - Interkommunalt Arkiv Rogland IKS
13. Representantskapsmøtet 20.04.18 - Haugaland Vekst IKS
14. Representantskapsmøtet 23.04.18 - Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
15. Havnerådsmøtet 26.04.18
16. Innkalling til repr.skapsmøte 23.05.18 – Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS
17. Innkalling til generalforsamling 11.06.18 – Haugaland Kraft AS
18. Kommunal Rapport 05.02.18 – Bernt svarer: Taushetsplikt og lukket møte
19. Kommunal Rapport 07.05.18 – Bernt svarer: Komitémøte kan være fjernmøte
20. NKRF- veileder «God skikk og praksis for kontrollutvalgssekretariatene»
21. FKT - veileder «Hva kan kontrollutvalgene forvente av oppgaveutførelse og kompetanse fra sekretariatene»
22. NKRF – framlegg til ny kommunelov bidrar til styrka eigenkontroll

Handsaming i kontrollutvalet 22.05.18:

Sekretær gjorde greie referatsakene. Utvalet hadde ingen spesielle merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.05.18:

Referatsakene 11 - 22 blir tatt til orientering.

Eventuelt

Kontrollutval og varamedlem

Jørn Hansen har meldt forfall dei to siste møta, og i dag har det ikkje kome noko varsel i forkant. Sekretær sakna tidlegare praksis med numeriske varamedlemmer eller fleire faste medlemmer/varamedlemmer. Ny kommunelov vil ha krav om 5 medlem og ho viste til at utvalet skal ikkje drive politikk.

Utvalet meinte også at det ikkje var bra med berre to medlemmer som vedtar saker. Ordførar bad rådmannen fremme sak om nyval.

Neste møte

Etter møteplan er dato sett til onsdag **5. september** kl. 17.00.
Saker: revisor si egenerklæring og budsjett for 2019.

Ingen andre saker blei meldt eller tatt opp.

Bokn, 22. mai 2018

Lars Øyvind Alvestad
leiar (sign.)


Toril Hallsjø
utvalssekretær (sign.)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	05.09.18	13/18
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2018

Vedlegg: Revisor si egenerklæring, dagsett 15.08.18

Saksorientering:

Kommunelova § 79 og forskrift om revisjon (revisjonsforskriftene) kap. 6 (§§ 13 – 15) slår fast at oppdragsansvarleg revisor for kommunar skal være uavhengig til den reviderte verksemd.

Forskriftene slår også fast at oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet. Ifølgje kommunelova § 79 skal den som foretar revisjon for ein kommune ikkje ta oppdrag for kommunen dersom revisor eller revisor sine nærstående har ein slik tilknytning til kommunen at den kan svekke revisor si sjølvstende og objektivitet. I tillegg seier forskriftene §§ 13 og 14 noe om dei krav som vert stilt for at revisor skal være uavhengig, og dei begrensninger som gjeld for revisor ved gjennomføring av revisjonsoppdraget.

Vurdering:


I følge revisjonsforskriftene § 15 skal oppdragsansvarleg revisor årleg, og elles ved behov, gje ein skriftleg egenerklæring av si sjølvstende til kontrollutvalet. Krav til sjølvstende og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er berre oppdragsansvarleg revisor som pliktar å leggje fram ei skriftleg vurdering for kontrollutvalet.

Revisor gjer der greie for si sjølvstende overfor kommunen i samsvar med krava i kommunelova og i revisjonsforskriftene. Det går fram at det ikkje ligg føre noe som tilseier at ho ikkje er uavhengig når det gjeld forholdet til Bokn kommune. Fråsegna vert gjeve på revisor sitt eige ansvar og skal ikkje godkjennast av kontrollutvalet, men takast til orientering.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Bokn kontrollutval tar den framlagde egenerklæring for 2018 frå oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen, Deloitte AS til orientering.

Aksdal, 29.08.18



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

Til kontrollutvalget Bokn kommune

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 15.08.18
Journalført: 18/243/4ha
Arkivkode: 033

15. august 2018

Vurdering av uavhengighet

Innledning

Ifølge forskrift om revisjon § 15 skal oppdragsansvarlig revisor minimum hvert år avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget.

Krav til uavhengighet og objektivitet gjelder også for revisors medarbeidere, men det er kun oppdragsansvarlige revisorer som plikter å legge fram en skriftlig vurdering for kontrollutvalget. Ved Deloitte's planlegging av oppdraget vil vurdering av uavhengigheten til hver enkelt revisor i kommunens revisjonsteam inngå som et eget punkt i planleggingen. Oppdragsansvarlig revisors skriftlige egenvurdering skal ligge som et vedlegg til denne vurderingen.

Både kommuneloven (§ 79) og forskrift om revisjon (kap. 6) setter krav til revisors uavhengighet. Kravene er nærmere beskrevet nedenfor.

Lovens og forskriftens krav til uavhengighet

I flg. Kommuneloven § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som foretar revisjon ikke:

1. være ansatt i andre stillinger i kommunen eller i virksomhet som kommunen deltar i
2. være medlem av styrende organer i virksomhet som kommunen deltar i
3. delta i, eller ha funksjoner i annen virksomhet, når dette kan føre til at vedkommendes interesser kommer i konflikt med interessene til oppdragsgiver, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til den som foretar revisjon
4. ha nærstående (ektefelle, samboer, nære slektninger), som har slik tilknytning til revidert at det kan svekke revisors uavhengighet og objektivitet.

I tillegg stiller loven § 79 og forskriften § 14 følgende begrensninger:

5. revisor kan ikke utføre rådgivnings- eller andre tjenester der dette er egnet til å påvirke eller reise tvil om revisors uavhengighet og objektivitet
6. revisor kan ikke yte tjenester som hører inn under den revisjonspliktiges (dvs. kommunens) egne ledelses- og kontrolloppgaver
7. revisor kan ikke opptre som fullmektig for den revisjonspliktige, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstoloven

8. det må ikke foreligge andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisors uavhengighet og objektivitet ved gjennomføring av revisjonsoppgavene

Revisors egenvurdering av punktene ovenfor

Pkt. 1: Ansettelsesforhold	<i>Undertegnede har ikke ansettelsesforhold i andre stillinger enn i revisjonsselskapet.</i>
Pkt. 2: Medlem i styrende organer	<i>Undertegnede er ikke medlem av styrende organer i noen virksomhet som kommunen deltar i.</i>
Pkt. 3: Delta eller inneha funksjoner i annen virksomhet, som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit	<i>Undertegnede deltar ikke i eller innehar funksjoner i annen virksomhet som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit til rollen som revisor.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Undertegnede har ikke nærstående som har tilknytning til Bokn kommune som har betydning for min uavhengighet og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgivnings- eller andre tjenester som er egnet til å påvirke revisors habilitet	<i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes rådgivnings- eller andre tjenester overfor Bokn kommune som kommer i konflikt med denne bestemmelsen.</i> <i>Før slike tjenester utføres av Deloitte AS foretas en vurdering av rådgivningens eller tjenestens art i forhold til revisors uavhengighet og objektivitet. Dersom vurderingen konkluderer med at utøvelse av slik tjeneste kommer i konflikt med bestemmelsen i forskriften § 14, skal revisor ikke utføre tjenesten. Hvert enkelt tilfelle må vurderes særskilt.</i> <i>Revisor besvarer daglig spørsmål/henvendelser som er å betrakte som veiledning og bistand og ikke revisjon. Paragrafen sier at også slike veiledninger må skje med varsomhet og på en måte som ikke binder opp revisors senere revisjons- og kontrollvurderinger.</i>
Pkt. 6: Tjenester under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver	<i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes tjenester overfor Bokn kommune som hører inn under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver.</i>

--	--

Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Undertegnede bekrefter at verken revisor eller Deloitte AS for tiden opptrer som fullmektig for Bokn kommune.</i>
Pkt. 8: Andre særegne forhold	<i>Undertegnede kjenner ikke til andre særegne forhold som er egnet til å svekke tillitten til min uavhengighet og objektivitet.</i>

Med vennlig hilsen
Deloitte


Else Holst-Larsen
Statsautorisert revisor

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	05.09.18	14/18
Kommunestyret	11.12.18	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	151	

BUDSJETT FOR 2019 – KONTROLL OG TILSYN – UTVALET SI INNSTILLING

Vedlegg: Budsjettframlegg 2019

Saksorientering:

Kontrollutvalet har eit vidt arbeidsfelt og er berre underordna kommunestyret. Kontrollutvalet sitt tilsyn er ikkje avgrensa til berre å gjelde det økonomiske. Kontrollutvalet skal også sjå etter at saksførebuing og vedtaksprosessar, både i administrasjonen og i dei andre politiske organa fungerer på ein måte som garanterer oppfylling av alle faglege krav, og ivaretar grunnleggjande rettstryggleiksomsyn overfor kommunen sine innbyggjarar og andre som måtte bli ramma av kommunale vedtak.

Kontrollutvalet sitt ansvar er i fyrste rekke eit påsjåar-ansvar, og utvalet si rolle vil fyrst og fremst vere som bestillar. Ein viktig del av dette ansvaret vil vere å sjå til at bestillingane til revisor tilfredsstillar kommunen si trong til ein kvar tid.

Dersom kontrollutvalet ønskjer å gjere ei tilleggsbestilling hos revisor utover vedteken ramme, må utvalet be kommunestyret om ei høgare ramme.

Kontrollutvalet har eit lovpålagt ansvar for å utarbeide budsjettframlegg for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Sidan kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret, skal kontrollutvalet sitt budsjettvedtak etter forskrifta leggjast fram for kommunestyret samstundes som kommunen samla budsjett for 2018 vert vedteken. Dersom **kontrollutvalet si innstilling** er lagt inn fra administrasjonen i rådmannens sitt budsjettframlegg, er det truleg ikkje naudsynt å leggje saka fram for kommunestyret som **eige sak**.

Budsjettet skal omfatte alle utgifter knytte til kontrollutvalet, sekretariatet og revisjonen si samla verksemd. Dette gjer at kontrollutvalet har eit forplikta ansvar for budsjett og regnskap tilsvarende det dei enkelte resultateiningane i kommunen har. Forskrifta pålegg kommunen å ha ei forsvarleg revisjonsordning og eit uavhengig sekretariat. Budsjettframlegget omfattar derfor **lovpålagte** oppgåver.

I rapport ”85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane” er det gjeve slik tilråding:

- **Kommunestyra må setje av tilstrekkelege ressursar til kontrollutvalet sitt arbeid, mellom anna til rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.**

Forskrift om kontrollutval § 18 seier følgjande om budsjetthandsaminga:

Kontrollutvalgets forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følge formannskapetets innstilling til kommunestyre”.

Budsjettet er delt inn i tre hovudpunkt: utgifter til kontrollutvalet, utgifter til kjøp av sekretariat- og revisjonstenester:

1. Kontrollutvalet sine egne utgifter

Utgiftene er vidareført som i inneverande år. Budsjettet byggjer på ein aktivitet i utvalet som tidlegare år, med fire møte i året. Kontrollutvalet sine møta er opne. Kontrollutvalet held møta på rådhuset på ettermiddag/kveld. Det er lagt inn midlar til å sende representantane på kurs/møte i nettverk for kontroll og tilsyn. Møtegodtgjersla har ikkje har vore endra sidan 2009! Kr 300 pr møte for medlemma er svært lågt samanlikna med godtgjøring til formannskap/kommunestyre og kontrollutvala i nabokommunane. Sekretariatet har lagt inn ei auke med det same som framlegget i fjor.

2. Sekretariatet

Bokn kommune er medeigar i Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS og kjøper sekretariatstenestene herfrå. I prisen ligg all normal aktivitet i kontrollutvalet, frå sakshandsaming til utsending av innkallingar og utskrifter, arkivhald m.m.

Representantskapet vedtok budsjettet for 2019 i møte 23.04.18, sak 4/18. Budsjettet er utarbeidet på bakgrunn av selskapsavtalen, der det går fram at det skal betalast ein årleg fast grunnsum og etter medgått timeforbruk basert på eigardel.

Kostnadene for Bokn neste år er sett til kr 115.000, som er ei auke på 3 %.

3. Revisjonskostnadene

Regnskapsrevisjonen vert utført innanfor fastsette lovkrav og til ein fast pris med einkvar tid gjeldande leverandør, samt opsjon for kjøp av timar til forvaltningsrevisjon og andre kontrollar med opptil 70 timer. Avtalen med Deloitte lgjeld til 30.06.20 og kan forlengjast med bruk av opsjon. Sekretariatet gjer framlegg at budsjettet vert på kr 189.000 i 2019. For 2018 blei det av utvalet budsjetttert med en ramme/leveranse på kr 185.000. Sekretariatet gjer framlegg med ei viss auke for å dekke kommande prisjustering.

Kontrollutvalet sitt samla budsjettframlegg

For oversikt over budsjettforslaget for 2019, sjå eige vedlegg. Kommunen betaler meirverdiavgift på kjøp av tenester frå revisor. Desse vert refundert, slik at denne posten skal gå i 0. Det blir her sett opp eit samla budsjett på **kr 362.000 eks mva** for kontroll og tilsyn for 2019.

Kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret. Forskrifta pålegg difor kommunen å sørgja for at kontrollutvalet sitt framlegg til budsjetttramme skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret, slik at dette framlegget er kjent for kommunestyret når totalbudsjettet skal handsamast.

Sekretariatet forutset at **dersom** det skjer ein reduksjon i budsjettframlegget, skal det skje av formannskap/kommunestyre i tråd med forskriftene og ikkje av administrasjonen. Dersom kommunestyret vedtar endringar i kontrollutvalet sitt budsjettframlegg må dette meldast til kontrollutvalssekretariatet.

Saka vert lagd fram for kontrollutvalet til diskusjon knytte til utvalet sine tilrådingar for nytt kontrollutval for neste periode, samt ei tilråding til kommunestyret for kommande års ramme for kontroll og tilsynsarbeidet.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL INNSTILLING:

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Bokn kommune for 2019 vert på i alt **kr 362.000 eks mva** fordelt på følgjande funksjon:

Kontrollutvalet	kr	58.000
Kjøp av sekretærtjenester (HKS IKS)	kr	115.000
Kjøp av revisjonstjenester (Deloitte AS)	kr	189.000

Aksdal, 29.08.18

Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar/utvalssekretær

BUDSJETT 2019

INTERNT TILSYN OG KONTROLL I BOKN KOMMUNE 2019

ART I KOSTRA	TEKST	KONTROLL-UTVALET	SEKRETARIAT	REVISJON (RR, FR, SK)	TOTALT TILSYN OG KONTROLL 2019	UTVALET SITT BUDSJETT 2018	Merknader
080	Godtgjering til kontrollutvalet	17 000			17 000	17 000	2, 3
080	Tapt arbeidsfortjeneste	-			-	-	
099	Arbeidsgiveravgift	2 406			2 406	2 406	
0	Lønnsutgifter	19 406	-	-	19 406	19 406	
115	Servering	-	-	-	-	-	
140	Annonsering	-	-	-	-	-	
150	Kurs og opplæring	33 000	-	-	33 000	33 000	
160	Skyss og kostgodtgjering	2 000	-		2 000	2 000	
195	Medlemskap og kontingentar	3 500	-	-	3 500	3 500	
1	Andre utgifter	38 500	-	-	38 500	38 500	
3	Kjøp rev.selskap			189 000	189 000	185 000	4
	Kjøp fra HKS IKS	-	115 000	-	115 000	112 000	5
	Kjøp av tjenester	-	115 000	189 000	304 000	297 000	
	TOTALT	57 906	115 000	189 000	361 906	354 906	

Merknader:

1. KOSTRA funksjon 110 Politisk styring og kontrollorganer skal brukes for samtlige utgifter i tabellen over i tråd med Hovedveileder 2008
2. Forutsett 4 møter i året og nye satser (kr 11.200 + kr 600 x 2 x 4)
3. Det er nå 3 medlemmer, men fra kommunestyreperiode 2019-23 vil det være krav om 5 medlemmer.
4. Budsjettet beløp for revisjon i tråd med ny revisjonsavtale (inkl. selskapskontroll)
5. Budsjettet beløp innebærer sakshandsaming, samt møteavvikling (inkludert innkalling og møtereferat) for 4 møter

Leder av kontrollutvalget har **kr 9.500,-** i fast godtgjørelse.

Medlemmene av kontrollutvalget har en møtegodtgjørelse på **kr 300,-** pr møte.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	05.09.18	15/18
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

VAL AV NYTT PROSJEKT FOR 2019

Bakgrunn:

Ifølge forskrift om kontrollutval skal kommunen årleg bli gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande lover og reglar. I kommande kommunelov er «årleg» erstatta med «jamnleg». Når utvalet har valt eit prosjekt dei vil ha nærare undersøkt, vil revisor kome med eit utkast til mandat for korleis gjennomføre prosjektet. Dette vil så bli lagd fram for utvalet på neste møte i november.

Prosjekt for gjennomføring av forvaltningsrevisjon skal fyrst og fremst tingast med bakgrunn i vedteken Plan for forvaltningsrevisjon. Ny plan for perioden 2016-2020 blei vedteken av Bokn kommunestyre i møte 15.11.16, sak 59/16. Følgjande prosjekt er tatt inn i planen:

1. ~~Plan, byggesak og eigedom~~⁹ (rapport var ferdig hausten 2017)
2. *Rusomsorg*
3. *Skulemiljø og mobbing*
4. *Vedlikehald*
5. *Informasjonstryggleik*

og følgjande uprioriterte prosjekt:

- *vedtaksoppfølging*
- *habilitet*
- *sakshandsaming i NAV*
- *prosjektstyring*
- *kultur- og aktivitetstilbod*
- ~~sjukefråver innan skule og barnehage~~ (rapport leggjast fram oktober 2018)
- *skulemiljø og mobbing*
- *ressursbruk innan helse- og omsorgssektoren*
- *utvikling- og kvalitetsarbeid innan helse- og omsorgssektoren*
- *tilpassa opplæring og spesialundervisning.*
- *internkontroll*

Følgjande prosjekt er dei prioriterte prosjekta i Plan for selskapskontroll:

1. *Eigarskapsforvaltninga*
2. ~~Karmsund Havn IKS~~ (rapport var ferdig våren 2018)

3. *Haugaland Interkommunale Miljøvern IKS*
4. *Haugaland Vekst IKS*
5. *Krisesenter Vest IKS*

Det vil vere opp til utvalet å velje kva for prosjekt ein ynskjer å setje i bestilling. Utvalet er delegert mynde til å fråvike planen dersom det vert naudsynt. Kva som er vesentleg kan ha endra seg sidan planen vart laga.

Utvalet må drøfte kva prosjekt dei vil ha. Utkast til prosjektmandat vil i då kunne bli handsama på neste møte, slik at endeleg bestilling kan bli gjort. Deloitte vil då kunne komme i gang på nyåret og rapport vil kunne vere klår til maimøtet og sendt vidare til kommunestyret sitt møte i juni. Hausten 2019 er det kommunestyreval. Valdagen er sett til 9. september.

Kontrollutvalet må drøfte om det er prosjekt med prioritet ein ønskjer å velje eller andre prosjekt. Utvalet kan også velje å omrokere eller sette i verk revisjon på andre område enn dei som er inkludert i planen, til døme fordi risikoforholda i kommunen har endra seg. Da det er gått noe tid sidan kommunestyrevedtaket, er det ikkje utenkeleg.

Konkrete prosjekt kan også veljast ut frå:

- *opplysningar som er kome fram under rekneskapsrevisjon,*
- *saker som har vore handsama i kommunestyre og kontrollutval,*
- ***administrasjonen sitt uttalte ønske om eit bestemt prosjekt,***
- *erfaringar frå tilsvarande forvaltningsrevisjonsprosjekt hos andre oppdragsgivarar,*
- *forhold som har vore framme i media, nasjonalt eller lokalt,*
- *tilsyn utført av fylkesmannen eller andre tilsynsorgan.*

Utvalet har gjeve uttrykk for at dei har følt at tidlegare prosjekt har hatt liten læringseffekt og at dei håper at noverande prosjekt vil vere eit meir nyttig prosjekt.

Utvalet drøfta sist 28.02.28, sak 3/18 dei prioriterte prosjekta i planen. Utvalet meinte «skulemiljø og mobbing» var eit viktig område. Rådmannen viste då til at det ikkje var lenge sidan dette hadde vore sjekka og kommunestyret var blitt orientert. Utvalet valte også å droppe prosjekt nr 2, da det omfatta svært få innbyggjarar. Tema som blei valt gjaldt sjukefråver i skule og barnehage blant lista med dei uprioriterte.

Spørsmåla/tema treng ikkje å bli til eigne forvaltningsprosjekt, men utvalet kan be om ein orientering frå administrasjonen.

Når kontrollutvalet har valt ut prosjekt, vil sekretariatet be revisor komme med et framlegg til prosjektmandat og legge fram sak om bestilling til neste møte.


Oppdragsansvarleg revisor vil være til stade på møtet for å svare på spørsmål og notere ned innspel frå utvalet. Forvaltningsrevisor vil kunne kontaktast på mobil, dersom det var trong for avklaring eller hjelp.

På budsjettframlegget for 2019 er det satt av ca. 70 timar til kjøp av forvaltningsrevisjonsteneste. Det er få timar, lys av andre kommunar sitt budsjett, men det er likevel mogeleg å få ein rapport basert dette timetalet.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Bokn kontrollutval ber Deloitte AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet til neste møte.

Aksdal, 28.08.18



Toril Hallsjø
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	05.09.18	16/18

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 05.09.18**Vedlegg:**

23. Statusrapport pr. september 2018
24. Generalforsamlingsprotokoll 11.06.18 – Haugaland Kraft AS
25. Komm.styrevedtak 19.06.18, sak 22, Kontrollutvalet si årsmelding 2017
26. Komm.styrevedtak 19.06.18, sak 23, Godtgjersle for folkevalde – hausten 2019
27. Komm.styrevedtak 19.06.18, sak 25, selskapsrevisjon- Karmsund Havn IKS – rapport
28. Kommunal Rapport 12.08.18 – Debattinnlegg av NKRF- leder – «Tillit og kontroll»


Saksorientering:

Vedlagt følger dei opplista tema (brev, meldingar og liknande) til kontrollutvalet til orientering.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Referatsaker 23 -28 blir tatt til orientering

Aksdal, 28.08.18



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær



Kontrollutvalet i Bokn

Statusoversikt september 2018

Saker frå bestilling til behandling i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilling	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Nytt prosjekt	07.10.18	?		Vår/haust 2019	
«Sjukefråver i skule og barnehage»	15.02.17, sak 3/17	76 timer	Under arbeid	Til møtet 07.11.18	Deloitte AS
Selskapskontroll					
Andre saker					

Saker under politisk behandling eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
«Sjukefråver i skule og barnehage»	15.02.17, sak 3/17				
«Plan, byggesak og eigedom»	15.02.17, sak 3/17	18.10.17, sak /17	07.11.17, sak 48/17	12 månadar etter vedtak	
Selskapskontroll					
Karmsund Havn IKS	28.02.18, sak 2/18	22.05.18, sak 10/18	19.06.18, sak	12 månadar etter vedtak	7 t. av 180 t. KPMG AS
Andre saker					
Personvernlova		22.05.18			
Bokn Arena/ Event	-	15.02.17			

Avslutta prosjekter

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Fylgt opp	Merknader
«Post/arkivhandtering i Bokn kommune»	03.09.15, sak 16/15	10.02.16, sak 2/16	08.03.16, sak 5/16	15.11.16, Sak 59/16	
« Tilpassing til Samhandlingsreforma»	04.09.14, sak 8/14	26.02.15, sak 3/15	17.03.15, sak 4/15	6 månader etter vedtak	
Selskapskontroll					
Haugaland Kraft AS og Hgl Næringspark AS	04.09.14, Sak 5/14	28.05.15, sak 9/15	16.06.15, sak 27/15	08.11.16, sak	
Andre saker					
Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020	26.11.15, sak 25/11	14.09.16, sak 16/16	15.11.16, sak 58/16	-	Deloitte
Plan for selskapskontroll 2016-20	26.11.15, sak 25/11	14.09.16, sak 17/16	15.11.16, sak 57/16	-	Deloitte

Generalforsamlingsprotokoll

År 2018, den 11. juni kl. 14:00, ble det avholdt ordinær generalforsamling i Haugaland Kraft AS, i selskapets lokaler i Haukeliveien 25.

Generalforsamlingen ble åpnet av styrets leder.

Til stede:

Aksjonær	Aksjer	Eierandel	Stemmer
Karmøy Kommune (org. nr. 940 791 901), representert ved Jarle Nilsen	179 359 999	38,24 %	38,24 %
Haugesund Kommune (org. nr. 944 073 787), representert ved Arne-Christian Mohn Rådgivere: Svein Erik Inbjo og Gjertrud Kjelesvik	127 880 000	27,27 %	27,27 %
Finnås Kraftlag SA (org. nr. 944 664 440), representert ved Anne-Beth Njærheim med fullmakt	49 253 926	10,50 %	10,50 %
Tysvær Kommune (org. nr. 964 979 812), representert ved Sigmund Lier	39 200 000	8,36 %	8,36 %
Vindafjord Kommune (org. nr. 988 893 226), representert ved Ole Johan Vierdal	27 400 000	5,84 %	5,84 %
Sveio Kommune (org. nr. 864 967 272), representert ved Håkon Skimmeland Rådgiver: Jorunn Skåden	20 200 000	4,31 %	4,31 %
Skånevik Ølen Kraftlag AS (org. nr. 948 429 209), representert ved Kåre Lillenskjold Berge	19 727 176	4,21 %	4,21 %
Bokn Kommune (org. nr. 964 979 723), representert ved Lars Alvestad	4 320 000	0,92 %	0,92 %
Utsira Kommune (org. nr. 964 979 901), representert ved Marte Eide Klovning	1 640 000	0,35 %	0,35 %
Totalt:	468 981 102	100 %	100 %

Følgelig var samtlige aksjer og stemmer i Selskapet representert.

Øvrige møtte:

Styrets leder, Didrik Ferkingstad, Deloitte AS, v/statsaut.rev. Knut Terje Fagerland
konsernsjef. Olav Linga, vise administrerende Runar Areklett konserncontroller Tørres Øyjordsbakken,
markedsdirektør Gunn Margareth Lassesen, direktør Haugaland Kraft Fiber Jan Håland,
styremedlemmene Petter Steen jr. Mona Opheim, Geir Bårdsen, Ragnhild Bjerkvik. Fra Haugesund
kontrollutvalget stilte Thorleif Thormodsen.

sf.

Sak 01.18 Godkjenning av innkallingen

Håkon Skimmeland og Svein Erik Inbjo kommenterte at de ikke hadde fått innkalling. Håkon Skimmeland presiserte at innkallingen var lovlig da den er sendt til eier ved ordfører.

Jarle Nielsen kommenterte at eierne til neste generalforsamling bør se på selskapets formål slik at dette tar høyde for den utviklingen som skjer i selskapet, spesielt knyttet til fibervirksomheten.

Generalforsamlingen ble erklært for lovlig satt.

Sak 02.18 Valg av møteleder

Som møteleder ble enstemmig valgt styrets leder, Didrik Ferkingstad.

Sak 03.18 Valg av personer til å undertegne protokollen

Til å undertegne protokollen sammen med møteleder, ble enstemmig valgt:

1. Kåre Lilleskjold Berge
2. Anne Beth Njærheim

Sak 04.18 Redegjørelse om årets drift v/konsernsjef. Olav Linga

Konsernsjef. Olav Linga's redegjørelse ble tatt til etterretning.

Sak 05.18 Godkjenning av resultatregnskap og balanse for Haugaland Kraft AS og konsernet for 2017, herunder anvendelse av årsoverskuddet og utdeling av utbytte

Styrets årsberetning, regnskapet for 2017 m/noter og revisors beretning ble gjennomgått. Dokumentene ble kommentert og spørsmål ble tilfredsstillende besvart.

Resultatregnskapet og balansen ble fastsatt som selskapets regnskap for 2017. Styrets forslag om å utdele kr. 116 mill. som utbytte ble enstemmig vedtatt.

Konsernets fremlagte resultatregnskap og balanse ble enstemmig godkjent som selskapets og konsernets regnskap for 2017.

Sak 06.18 Godkjenning av revisors honorar

Styret foreslår at revisors honoreres etter regning.

Forslaget ble enstemmig godkjent.

Sak 07.18 Valg av styre

Som styre i selskapet ble enstemmig valgt for to år:

Petter Steen
Ragnhild Bjerkvik
Inghild Storesund
Martin Laurhammer
Tirild Fjeld

Arne Birkeland	1. vara (fast møtende)
Trygve Hebnes	2. vara
Ada Jakobsen	3. vara

Styret velger selv leder. Generalforsamlingen foreslår Petter Steen

I tillegg har de ansatte i mai 2018 valgt følgende kandidater til styret:

Mona Opheim
Geir Malvin Bårdsen
Einar Biger Østebø

Espen Årvik	vara
Nina Helen Smistad	vara
Roar Sundt	vara

Sak 08.18 Valg av valgkomité

Som valgkomité for selskapet ble valgt for to år:

Medlem	May Britt Vihovde
Medlem	Helga Rullestad
Medlem	Arne Bergsvåg
Medlem	Torleif Fylkesnes (valgt på generalforsamling 14. november 2017)

Komitéen velger selv leder

Sak 09.18 Fastsettelse av godtgjørelse til styrets og valgkomitéens medlemmer samt andre godtgjørelser

For styret ble det enstemmig vedtatt følgende satser:

Styreleder	160.000
Styremedlem	83.000
1.vara fast møtende	58.100 (70% av styremedlem)
Varamedlem	4.700 (pr møte)

Ved reiser, seminar osv vil det bli dekket inntekts tap etter følgende satser:

Uten legitimasjon:	1.700 (per dag)
Med legitimasjon:	3.300 (per dag)

DF


For valgkomitéen ble det enstemmig vedtatt følgende satser:

Leder	14.000
Medlem	10.000


Sak 10.18 Endring av Instruks for Valgkomitéen

Det ble enstemmig vedtatt å endre andre avsnitt i instruks for valgkomiteen til:

«Valgkomiteen er sammensatt av fire medlemmer, to av hvert kjønn. Valgkomitéen skal være uavhengig av styret og daglig ledelse, og velges for normalt to år av gangen.»


Didrik Ferkingstad
Møteleder


Kåre Lilleskjold Berge


Anne-Beth Njærheim

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	19.06.2018	022/18

Saksansv. Jan Erik Nygaard	Arkiv K1 - 065	Arkivsaknr 18/99
----------------------------	----------------	------------------

Kontrollutvalet si årsmelding 2017

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kommunestyre tek Kontrollutvalet si årsmelding for 2017 til orientering

Kommunestyret 19.06.2018:

Behandling:

KS- 022/18 Vedtak:

Bokn kommunestyre tek Kontrollutvalet si årsmelding for 2017 til orientering

Kva saka gjeld:

Kontrollutvalet si årsmelding for 2017

Bakgrunn for saka:

Sjå vedlegg

Saksutgreiing:

Vurdering:

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
25.05.2018	brev- årsmelding 2017
06.03.2018	Særutskrift 4-18
06.03.2018	04-18 Kontrollutvalet si årsmelding 2017
06.03.2018	årsmelding 2017 Bokn signert

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	05.06.2018	030/18
Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma	05.06.2018	021/18
Kommunestyret	19.06.2018	023/18

Saksansv. Jan Erik Nygaard	Arkiv K1 - 082	Arkivsaknr 17/580
----------------------------	----------------	-------------------

Godtgjersle for folkevalde gjeldande frå kommande kommunestyreperiode (hausten 2019)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

<Bokn kommunestyre godkjenner nytt reglemenent for godtgjersle for folkevalde for kommunestyreperioden 2019 – 2023 i samsvar med forslag som vist i saksutgreiinga.

Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma 05.06.2018:

Behandling:

SB- 021/18 Vedtak:

Seniorrådet støttar rådmannen sitt forslag til vedtak, men ynskjer at fylgjande merknader vert teken med. Leiar av seniorrådet et får ein kompensasjon tilsvarende kontrollutvalget. Møtegodtgjersle bør vere lik for samtlige utvalg.

Formannskapet 05.06.2018:

Behandling:

Rådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøysta vedtatt, men med tillegg om at rådmannen vurderer honorar for brukarråd for eldre og funksjonshemma.

FS- 030/18 Vedtak:

Kommunestyret 19.06.2018:

Behandling:

KS- 023/18 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner formannskapet sitt forslag til vedtak med ein merknad. Rådmannen må se nærare på godtgjersle for representantar frå seniorrådet og gjere rede for dette ved neste

kommunestyremøte.

Kva saka gjeld:

Vurdering av reglande for godtgjersle for folkevalde i Bokn.

Bakgrunn for saka:

Bokn kommunestyre fatta i møte 07.11.2017, sak 47/11, vedtak om å sette ned ei arbeidsgruppe bestående av ordførar og ein representant frå kvart parti for å vurdera mogleg endring av godtgjersler for folkevalde i Bokn frå kommande kommunestyreperiode (hausten 2019). Arbeidsgruppa har hatt eit møte der alle dei politiske partia var representert.

Saksutgreiing:

Arbeidsgruppa legg fram forslag til justering av møtegodtgjersla basert på fylgjande prinsipp:

Endring i møtegodtgjersla gjeld frå den kommande kommunestyreperioden.

All faste møtegodtgjersle i Bokn skal ha utgangspunkt i ein prosentdel av den løna som ein stortingsrepresentant til ei kvar tid mottar. Denne løna blir justert årleg - noko som betyr at godtgjerslene i Bokn får ei naturleg utvikling i tråd med løns- og prisutvikling elles i samfunnet.

Godtgjerslene til medlem i styrer og utval i Bokn er ikkje justert sidan reglement for godtgjersler sist var til behandling 09. desember 2008, sak 52/08. Ein vil difor foreslå at gjeldande satsar blir oppjustert i samsvar med den lønsutviklinga ein har hatt i offentleg sektor i Norge dei 10 siste åra. Etter SSB sine tal for lønsutvikling dei siste 10 årene utgjør lønsvekst i offentleg sektor ca. 31 %. Ut frå dei nye satsane skal det gjerast ei berekning kva dette utgjør av ein stortingsrepresentant si løn. Stortingsrepresentants løn pr. april 2018 er 928.602,-.

Andre møtegodtgjersler og refusjon for tapt arbeidsforteneste mv. skal oppjusterast etter lønsvekst dei siste 10 årene i offentleg sektor med 31 % avrunda opp til næraste 100 kroner.

Reglement for godtgjersle for politiske verv og utval.

A. FASTE GODTGJERSLER.

1. Løn og arbeidsbetingelser for ordførar fastsettes av kommunestyret. Løna skal utgjere 60 % av løn til ein stortingsrepresentant. Løna vert justert automatisk i samsvar med endring i løna til stortingsrepresentantane. Løna skal dekke den tidsbruken som er nødvendig for å utføra dei oppgåver som ligg til ordførarstillinga.
2. Varaordførar får ei godtgjersle på 10% av ordførars løn. Dersom varaordførar på grunn av langvarig fråvær må tre inn i ordførars funksjon, gis ei godtgjersle pr. dag med 1/300 av ordførarens godtgjersle. Varaordførarens faste godtgjersle vert då avkorta tilsvarande.
3. Leiar av forvaltningsstyre får ei godtgjersle på 3,55% av stortingsrepresentants løn, dvs. pr. april 2018 kr. 33.000,-
4. Leiar av kontrollutvalet får ei årleg godtgjersle på 1,35% av stortingsrepresentants løn, dvs. pr. april 2018 kr. 12.500,-
5. Medlem av formannskap får ei årleg godtgjersle på 2,70% av stortingsrepresentants løn, dvs. pr. april 2018 kr. 25.000,-
6. Medlem av forvaltningsstyret får ei årleg godtgjersle på 1,80% av stortingsrepresentants løn, dvs. pr. april 2018 kr. 16.500,-
7. Dersom eit medlems fråvær i løpet av eit halvt år overstig 1/3 av møta, fell den faste godtgjersla bort, og det gis i standen møtegodtgjersle pr. møte.
8. Den faste godtgjersla dekker befaringar, møter i underutval, forhandlingar,

representasjonsoppgåver og forhandlingar m.v.

B. MØTEGODTGJERSLE. (Oppjustert med 31%)

1. Møtegodtgjersle for kommunestyremøte kr. 1.000,-
2. Møtegodtgjersle formannskap (varamenn) kr. 800,-
3. Møtegodtgjersle forvaltningsstyre (varamenn) kr. 700,-
4. Andre utval kr. 400,-
5. Føresetnad for utbetaling av møtegodtgjersle etter desse reglane er at utvalet er oppnemnd av formannskap/kommunestyre og at det er gjort vedtak om at medlem av utvalet skal ha møtegodtgjersle.
6. Møtegodtgjersle utbetales bare for møter med formell innkalling og det ligg føre formell møteprotokoll.
7. Folkevalde som mottar fast årleg godtgjersle får ikkje møtegodtgjersle for møter i gjeldande utval.

C. TAPT ARBEIDSFORTENESTE (Oppjustert med 31%).

1. Tapt arbeidsforteneste pr. dag utan legitimasjon kr. 1.600,-
2. Tapt arbeidsforteneste pr. dag med legitimasjon - full dekning
3. Utgifter til barnevakt kr. 100,- pr. time maks. pr. dag kr. 700,-
4. Møter med varigheit på over 3,75 timar blir rekna som heil dag.
5. Møter med varigheit under 3,75 blir rekna som halv dag.
6. Utgifter/tap i inntekt må legitimerast ved erklæring av trekk i løn frå arbeidsgivar eller ved kvittering frå vikar for mottatt vikargodtgjersle.
7. For sjølvstendig næringsdrivande og andre der slik legitimasjon ikkje kan skaffast, godtas egenerklæring berekna etter maks 7,5 time pr. dag.

D. SKYSSGODTGJERSLE.

Skyss og kostgodtgjersle for kommunale reiser gis etter reglane i KS sitt reiseregulativ. Utgangspunkt for reisa er ombodet sin bustad.

E. ETTERLØN

Folkevalde i verv på halv tid eller meir gis etterløn ved valperiodens utløp etter fylgjande reglar:

- I 1,5 månad dersom vedkommande trer inn i ny stilling etter valperiodens utløp
- I 3 månader dersom vedkommande ikkje trer inn i ny stilling etter valperiodens utløp

F. ANNA.

1. Utbetaling av møtegodtgjersla skjer 2. gonger pr. år, den 12.06 og den 12.12.
2. Satsane regulerast årleg pr. 1. januar i samsvar med den generelle lønsauken i kommunal sektor eller når kommunestyret gjer vedtak om dette.
3. I valåret foretast ein forholdsmessig avkorting av den faste godtgjersla.
4. Sekretærene i dei forskjellige utvala er ansvarleg for at den godtgjersle som dei folkevalde er berettiga til, blir registrert og oversendt vedkommande tilvisningsmyndighet.
5. Formannskapet avgjer legitimasjons- og fortolkningsspørsmål som kan oppstå ved handsaming av godtgjerslereglementet.

6. Reglementet trer i kraft frå 1. november 2019.

Vurdering:

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	19.06.2018	025/18

Saksansv. Jan Erik Nygaard	Arkiv K1 - 217	Arkivsaknr 18/245
-----------------------------------	-----------------------	--------------------------

Selskapsrevisjon - Karmsund havn IKS - rapport

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

1. Bokn kommunestyre tar KPMG sin revisjonsrapport «Selskapskontroll – Karmsund Havn IKS» til orientering.
2. Rapporten vert oversendt selskapet v/styre og og rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar. For Bokn kommune gjeld dette spesielt manglande eigarskapsmelding.
3. Det vert gjeve tilbakemelding til kommunestyre via kontrollutvalet om korleis kommunestyrevedtaket er følgd opp innan 12 månader etter kommunestyra sine

Dokumentliste:

Dok.dato	Tittel
28.05.2018	Selskapskontroll - rapport - Karmsund Havn IKS

Kommunestyret 19.06.2018:

Behandling:

KS- 025/18 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner kontrollutvalget sitt forslag til vedtak.

Kva saka gjeld:

SELSKAPSKONTROLL – RAPPORT – KARMSUND HAVN IKS

Bakgrunn for saka:

Sjå særutskrift frå møte i Kontrollutvalet sak 10/18

Saksutgreiing:

Tillit og kontroll – to sider av samme sak?

DEBATT. Innbyggerne skal kunne stole på at fellesskapets midler brukes slik fellesskapet har bestemt. Kontrollutvalgenes rolle er derfor mye viktigere enn den oppmerksomheten de får i mediene og blant innbyggerne.

Publisert i Kommunal rapport 15.08.18



Rune Tokle

daglig leder i Norges Kommunerevisorforbund

Mye tyder på at kontrollutvalgenes rolle, og prinsippet om den folkevalgte kontrollen, forsterkes framover.

«Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret eller fylkestinget, herunder påse at kommunen eller fylkeskommunen har en forsvarlig revisjonsordning.»

Dette er direkte sitat fra forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner.

Et slikt utsagn kan lett bli intetsigende om man ikke setter det inn i et samfunnsmessig perspektiv. Hvorfor har man kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner, og hvilken rolle skal de fylle?

Norge og de skandinaviske landene blir ofte karakterisert som tillitssamfunn, dvs. samfunn der det er høy grad av tillit innbyggerne imellom, og mellom innbyggerne og myndighetene. Likevel har vi mange kontrollmekanismer i vårt samfunn, blant annet statlige tilsyn.

I tillegg har Stortinget en egen komité som holder kontroll med at regjeringen og forvaltningen gjennomfører de vedtakene Stortinget har gjort. Denne komiteen behandler også rapporter fra Riksrevisjonen. Og på kommunalt og fylkeskommunalt nivå har vi altså kontrollutvalgene.

Hvilken rolle skal slike kontrollinstanser ha i et tillitssamfunn? Er det en direkte motsigelse å ha slike kontrollorganer i vårt tillitssamfunn, eller er kontrollen med på å øke tilliten?

Det er nærliggende å tenke at det politiske systemet med folkevalgte organer som kommunestyre og fylkesting, også skal kunne kontrollere at vedtak som er fattet av disse organene faktisk blir satt ut i livet. Det er viktig for at det politiske systemet i Norge skal ha tillit. Videre er det viktig at innbyggerne kan stole på at fellesskapets midler brukes i henhold til det fellesskapet har bestemt.

Kontrollutvalgenes rolle er derfor mye viktigere og mer grunnleggende enn den oppmerksomheten de får i mediene og blant innbyggerne – og kanskje må det være slik? Det er først når noe går galt, at oppmerksomheten kommer, og at kontrollutvalgets arbeid kommer i fokus.

Spørsmålet er da: Hvilken innvirkning på tilliten i lokalsamfunnet har saker der det kan reises tvil om eller settes spørsmålstegn ved om prosesser har vært åpne og demokratiske? Og hvordan skal vi håndtere slike saker? Kunne noe vært gjort i forkant av at saken ble kjent, eller må den bare håndteres der og da?

Medlemmene i Norges Kommunerevisorforbund har kontrollutvalgene som sine oppdragsgivere. Det er sekretariatene som er kontrollutvalgenes administrasjon, og det er revisjonen som gjennomfører forvaltningsrevisjoner, selskapskontroller og regnskapsrevisjoner. Det betyr at våre medlemmer opererer i grenselandet mellom tillit og kontroll. Det kan være en vanskelig balansegang, og det finnes ikke noe fasitsvar på hvordan man skal opptre. Det er helt sikkert variasjoner fra kommune til kommune. Men en ting er sikkert: Når skandalen er der, er oppmerksomheten der.

Hvordan tar vi vare på tilliten i en slik situasjon, og hvem sin oppgave er det å gjøre det? Og hvordan gjenreiser vi tillit som er brutt ned?

Norges Kommunerevisorforbund er en sterk forsvarer av prinsippet om den folkevalgte kontrollen i kommuner og fylkeskommuner. Vi tror dette er med på å styrke tilliten til vårt politiske system, og våre medlemmer er med og bidrar til dette gjennom den jobben vi gjør for kontrollutvalgene i Kommune-Norge.

Mye tyder på at kontrollutvalgenes rolle, og prinsippet om den folkevalgte kontrollen, forsterkes framover. Vi så det sist gjennom regjeringens forslag til ny kommunelov, og gjennom Stortingets vedtak. Der ble det vedtatt at kontrollutvalgene skal styrkes, blant annet gjennom at minste antall medlemmer økes fra tre til fem.

For at ordningen skal være levedyktig framover, er det viktig at både politikere og forvaltning har et bevisst forhold til kontrollutvalgene, og hele tida har fokus på styrking av den kommunale egenkontrollen.